

Sak til Årsmøte 17.03.2023.

Sak nr.: 001/2023. Tema; Utarbeiding av plan og regulering av småviltjakt og fiskekort til fjellvatna.

Bakgrunn for saka:

Styret i Hovda Utmarkslag har tilbake igjennom tidene sidan Hovda Utmarkslag vart stifta instruks om å utarbeide plan til forvaltning av småviltjakt og fiskekort til fjellvatna.

I statuttane til Hovda utmarkslag er fylgjande vedteke:

**§ 3. Arbeidsoppgåver**

*Hovedarbeidsoppgåvene for utmarkslaget er å organisere storviltjakt, småviltjakt og fiske ved å utarbeide driftsplanar for aktuelle artar. Utmarkslaget skal også arbeide for medlemmane sine interesser i saker som gjeld utbygging til næring og fritid, friluftsliv og naturvern og arbeide for å utvikle utmarksprodukta som næring til landbruket og ta vare på ressursane på lang sikt. Ålmenta sine interesser i utmarka skal også takast vare på.*

Utifrå innhaldet i §3 vil derfor Styret utarbeide plan til forvaltning av småvilt. Slik plan set krav om kartlegging av mengde, tilvekst og ein oversikt om korleis uttak av småviltfelling skal ivaretakast på beste måte.

Uttak av fisk frå fjellvatna krev ikkje så mykje planlegging i etablering av driftsplan, men dersom Hovda Utmarkslag skal utarbeide forvaltning slik nemnt i §3 må styret take fatt i slik arbeidsoppgåve.

**Fremjing:**

Årsmøte sluttar seg til arbeidsplanen slik nemnt i ovanfor nemnde tekst.

Vedtak: